



Aud Sølvi Fosse Drengenes
HARDBAKKE 47
6924 HARDBAKKE

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/3168 - 22/57949

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
30.08.2022

Godkjenning av lukking av 10 meter bekk på GBNR 325/16 Fosse

Bakgrunn for saka:

Aud Sølvi Fosse Drengenes søker om å få lukke ein bekk utan årsikker vassføring på gnr. 325, bnr. 16 over om lag 8 m.

Vedtak:

Alver kommune gjev med heimel i § 4 forskrift om produksjonstilskot godkjenning til å lukke om lag 8 m av bekk/open grøft på GBNR. 325/16 i samsvar med kart og søknad av 10.04.2022. Grunngevinga for vedtaket kjem fram i saksutgreiinga.

Vilkår:

Det er eit vilkår at arbeidet vert gjort under tørre vêrtilhøve for å avgrense avrenning av massar.

Meldeplikt:

Om ein under arbeidet kjem over automatisk freda kulturminne som funn av gjenstand, flekkar med trekol eller konstruksjonar, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, kulturavdelinga. Alt arbeid må i så fall stansast til rett forvaltningsmynde har vurdert funnet.

Saksutgreiing:

Planen er å lukke bekken over om lag 8 m med eit rør med d 400mm i 1,5 lengde (opplyst per telefon). Føremålet med bekkelukkinga er å sikre tilkomst til skog og tilkomst til rydding/skjøtsel av innmarksbeite.

Saka vart sendt på høyring til Vestland fylkeskommune den 25.07.2022.

Bekken ligg i landbruk- natur og friluftsområde i kommuneplanen og tiltaket er ikkje i strid med arealformålet. Fig. 1 – 2 nedanfor/neste side syner plassering av tiltaket.



Bruket er i drift med sau. I fylgje gardskartet har det 21.0 daa fulldyrka jord, 31,1 daa overflatedyrka jord, 20,5 daa innmarksbeite, 168,5 daa produktiv skog og 54,9 daa anna areal inkl. tun.

Fig. 1. Oversyn over plassering av kulverten. Kartkjelde: Søknað.



Fig. 2 syner om lag kvar kulverten vert plassert i terrenget. Vi ser og at terrenget nedstraums er slik at vatn vil samle seg i bekkelaupet om det skulle verte utfordringar knytt til kulverten.

Vurdering:

Søkjar opplyser at bekken tidvis er tørrlagt. Det er såleis ikkje fiskeinteresser i bekken, noko som samsvarar med vår kjennskap til området. Der bekkekryssinga, seinare kalla kulverten, er tenkt lagt, går bekken i eit «gjel» av lausmassar. Nedstraums dette området er terrenget slik at om det skulle oppstå problem ved kulverten, vil vatnet på grunn av terrengformasjonen samle seg i dagens laup der. Bekkekryssinga må likevel planleggjast og dimensjonert slik at kapasiteten til kulverten er stor nok. Søkjar har opplyst per telefon at dimensjoneringa på kulvertrøyret skal vere D400mm.

Alternativt i kombinasjon med at kulverten vert utforma slik at den toler overfløyming. Det er tiltakshavar (søkjar) sitt ansvar å syte for at dette vert gjort. Kommunen har slik sett ikkje teke stilling til om tiltaket er godt nok dimensjonert.

14.12.2020 vart det gjort vedtak på same bruk om lukking av ein bekk over om lag 10 m. Kommunen vurderer at saka vassdragsteknisk er samanfallede med søknad vi no vurderer. Ut i frå samtale med NVE vart saka den gong ikkje sendt på høyring til NVE. Med dette som bakgrunn og det faktum at kulverten ikkje utgjør fare nedstraums, vert saka heller ikkje denne gongen sendt NVE til uttale.

Søknaden skal vurderast etter naturmangfaldlova, vassdirektivet og forskrift om produksjonstilskot. Desse lovverka tek mellom anna omsyn til naturmangfald, landskapsbiletet og avrenning til vassdrag. Vi har òg drøfta med søkjar om dette er ei landbruksvegsak, men kome til at «vegen» er for stutt til det. Dette då det her er tale om ca 30m enkel veg frå kulverten og bort mot skogen.

Hovudregelen er at ein bør unngå lukking av bekkar då opne vassdrag har stor verdi for flora/fauna, som landskapselement, for vasskvalitet og for handsaming av vatn. Opne bekkar reduserer faren for flaumskadar då dei normalt har større kapasitet til å handtere vatn og av di inntak ved kulvert lett kan verte tetta av greiner og anna rek. Det er slik sett meir krevjande å ha kontroll på vassmengdene i eit lukka system ein i ein open bekk.

Føremålet til miljøkrava er å syte for ein meir miljøvenleg landbruksproduksjon. Kulturlandskapet i landbruket er definert som landskapsbiletet, mangfaldet i naturen og kulturhistoriske verdjar. Kommunen har vurdert om tiltaket kan ha negative konsekvensar på natur- og kulturlandskapet. Lukkinga er avgrensa i omfang og vil monaleg betre tilkomsten til både skogen og beitet. Kommunen finn slik sett at tiltaket er i tråd med forskrift om produksjonstilskot og at det legg til rette for eit aktivt og berekraftig landbruk.

Naturmangfaldslova

Det er gjort søk i Naturbasen og Artsdatabasen. Det er ikkje funne opplysningar om artar eller naturtypar som kjem i konflikt med lukkinga. I nærleiken, slik det går fram av fig. 3, vart det gjort funn av «ruin etter reiskapshus».

Kommunen vurderer at kunnskapsgrunnlaget i høve naturmangfaldslova og kulturminnelova er godt nok til å gjere vedtak.

Bekken har ikkje årsikker vassføring og tiltak vil ikkje råke fiskeinteresser der tiltaket skal gjennomførast. For å unngå fiskeførande delar av vassdraget lenger nede vert slamma til, legg vi til grunn at tiltakshavar utfører tiltaket ved låg vassføring i bekken.

Det er ikkje gjort funn etter søk i artsdatabasen. Alle inngrep i vassdrag skal utførast med varsemd. Etter ei samla vurdering meiner kommunen at det er teke naudsynt omsyn til naturmangfaldet, jf. §§ 8 – 12 i naturmangfaldlova.

Vassdirektivet

Direktivet set krav om at kommunen ikkje kan gje løyve til tiltak som forringar vasskvalitet i bekkar og vassdrag. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil redusere vasskvaliteten til bekken t.d. i form av auka avrenning, jf. vilkår som er sett i vedtaket.

Kulturminne

Saka har vore sendt Vestland fylkeskommune, kulturavdelinga for uttale. Det har ikkje kome attendemelding derifrå.

Kommunen har søkt i Sefrak og sendt saka på høyring til Vestland fylkeskommune. Det er ikkje gjort funn i Sefrak-registeret som vil verte påverka av tiltaket – sjå fig. 3. **Vestland fylkeskommune har ikkje avgjerande merknader til tiltaket, men...**




Fig. 3. Frå Sefrak- registreringa Riksantikvaren. Treff kulturminne sefrak (Nasjonalt register over eldre bygningar).

Kommunen minner likevel tiltakshavar om plikta til å melde om funn jf. kulturminnelova § 8, 2.ledd. Slike funn gjeld automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol, konstruksjonar og liknande. Vert slike funn avdekt under gjuennomføring av tiltaket, skal det straks meldast inn til Vestland fylkeskommune og alt arbeid stansast til rette forvaltningsmynde har vurdert funnet.

Vi vurderer det slik at tiltaket inkl. tilkomst ikkje kjem i konflikt med registreringa i Sefrak.

Oppsummering/Konklusjon

I utgangspunktet meiner kommunen det er uheldig å lukke bekkar, men tungvegande grunnar som naudsynt drift av landbruksarealet vil òg vege tungt.

Det omsøkte tiltaket vil lette drifta av arealet det utløyser tilkomst til. Det er ikkje funne at tiltaket er i strid med viktige miljø- og/eller kulturlandskapsomsyn eller er i strid med anna relevant regelverk. Kommunen finn derfor å kunne godkjenne tiltaket i tråd med søknaden.

Regelverk

Forskrift om produksjonstilskot.

Mynde

Saka er handsama og det er teke avgjerd i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28 – 36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl. § 29. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva som vert klaga på ivedtaket og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast spørsmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.:

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Aud Sølvi Fosse Drengenes

HARDBAKKE 47

6924

HARDBAKKE